



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
100/26	Formannskapet	20.05.2026

### Planprogram - områdereguleringsplan Ankerløkken Øyrane, gbnr 21/649 m.fl.

#### Vedtak i Formannskapet 20.05.2026:

Planprogram for områdereguleringsplan Ankerløkken Øyrane, gbnr 21/649 m.fl. vert fastsett i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 4-1.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:


Planprogram for områdereguleringsplan Ankerløkken Øyrane, gbnr 21/649 m.fl. vert fastsett i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 4-1.

---

#### Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Sunnfjord kommune vedtok den 25.09.2025 at det er rett å starte opp arbeid med områdereguleringsarbeid. Det vart varsla oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram den 11.12.2025. Frist for merknad til oppstartsvarsel og planprogram vart sett til 18.02.2026.

Framlegget til planprogrammet skal handsamast etter Plan- og bygningslova (PBL) §§ 4-1 og 12-9, og planmynde skal fastsette planprogrammet. Planprogrammet skal legge rammene for planarbeidet og gjere greie for føremålet med planarbeidet. I tillegg skal ein presentere sjølv planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, og kva grupper som kan verte involverte. Planprogrammet skal vise kva alternativ som vil bli vurdert og gjere greie behovet for utgreiingar m.m.



Kart til venstre viser Førde sentrum, og kart til høgre viser planområdet over gjeldande reguleringsplanar som er henta frå planinitiativet.

## Saksutgreiing

Ankerløkken Eigedom AS ynskjer å legge til rette for kombinert bustad- og næringsføremål på den vestlege delen av Ytre Øyrane, jf. vedlegg. Dei skisserer ei mogleg utbygging på ca. 500 bueiningar i tillegg til næringsverksemder. Storleiken på arealet er ca. 36 dekar.

Det er krav om konsekvensutgreiing og planprogram i samband med utarbeiding av planframlegget.

### Planstatus

Området er sett av til næringsverksemd i arealdelen og regulert til næring/tenesteyting BKB1 i [områdereguleringsplan Ytre Øyrane](#) frå 2018. Planframlegget vil erstatte heilt eller delvis av gjeldande reguleringsplanar. Delar av området er utsett for flaum/stormflo og havnivåstiging. Området er registrert som ureina sjøgrunn knytt til tidlegare aktivitet.

### Medverknad

Det vart halde eit ope informasjonsmøte den om start av planarbeidet og framlegg til planprogram. Invitasjon til møtet vart sendt alle grunneigarane på Ytre Øyrane, og Firda hadde ein artikkel om saka før møtet.

Det har kome merknader til oppstartsvarsel og planprogram. Merknadane går i hovudsak på at omdisponering av arealføremål må skje i arealdelen, heile Ytre Øyrane vurderast samla, trafikklysingar, klima, energi, verknad for etablert industri, kai/hamn og skipstrafikk. Plankonsulentane sine kommentarar til merknadane ligg også ved saka.

Norconsult har gjort endringar i planprogrammet for å kome nokre av merknadane i møte. Endringane er i hovudsak utfyllande opplysningar kring regionale og kommunale føringar, omtale av tiltaket og alternativ utbyggingsprinsipp. Framdriftsplan for planframlegget er oppdatert.

## Vurdering

Arealdelen til kommuneplanen har sett av området til næringsverksemd, medan planomtalen viser til at det kan skje ein transformasjon av området med m.a. bustader rundt år 2030. Statsforvaltaren viser til at føremålet til planinitiativet er i strid med arealdelen, og at konsekvensutgreiinga til arealdelen viser at området ikkje er eigna for bustadføremål på det noverande tidspunkt. Dei viser til ulike tilhøve på Ytre Øyrane som gjer det utfordrande å etablere bustader i området. I tillegg kan føremåla verke inn på by- og sentrumsutvikling i Førde. Dersom planarbeidet vert halde fram rår dei til at planområdet vert utvida til å gjelde heile Ytre Øyrane.

Planprogrammet viser til kva tema som skal greiast ut i planarbeidet. Vassmiljø, støy og klimagassutslepp vert konsekvensutgreidd i samsvar med rettleiar M-1941, medan naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap, luftureining og forureina grunn vert vurdert i planomtalen. Andre tema som vert vurdert i planprosessen er mobilitet, byutvikling, barn og

unge sine interesser, bukvalitet og uteoppfallsareal, folkehelse, universell utforming, og teknisk infrastruktur.

Planprogrammet skildrar/vurderer tre overordna utbyggingsprinsipp, inkludert ulike variantar av desse, som kan vere aktuelle å etablere innanfor planområdet. Det vert vurdert at to av utbyggingsprinsippa kan tilpasse seg den stadlege konteksten, og vert derfor utgreidd vidare i planarbeidet.

Konsekvensutgreiinga blir utarbeidd for nullalternativet og dei to av alternativa Entropia og Dash som er omtala i kapittel 3 i planprogrammet.

#### **Konklusjon:**

Kommunedirektøren legg vekt på kommunestyret sitt vedtak den 25.09.2025 sak 069/25 og har ikkje merknad til det reviderte planprogrammet.

Førde, den 12.05.2026

Lise Mari Haugen kst. kommunedirektør	Odd Harry Strømsli einingsleiar areal og byggesak
--	--

Behandling i folkevalde organ:

#### **Behandling i Formannskapet 20.05.2026:**

##### **Avstemming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

##### **FORM-100/26 Vedtak:**

Planprogram for områdereguleringsplan Ankerløkken Øyrane, gbnr 21/649 m.fl. vert fastsett i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 4-1.

##### **Vedlegg i saka:**

Planprogram Ankerløkken Øyrane\_endringsmarkert  
2026-03-19 Merknadsvurdering oppstart Norconsult